



SKULEGUDSTENESTE

1. Skulegudsteneste kan haldast etter ordninga Familiegudsteneste eller Forenkla høgmesse eller som temagudsteneste etter ei fritt oppbygd ordning.

Om temagudsteneste, sjå eiga ordning.

2. Når det er høve til det og det samstundes ligg til rette, lyt presten/kateketen og/eller organisten ta med lærarar og eventuelt også elevar i førebuinga og gjennomføringa av gudstenesta.
3. Elevane bør ha særskilde oppgåver i gudstenesta og eventuelt medverka med song og/eller musikk.
4. Ved val av tekstar og salmar må ein ta omsyn til den alder elevane har og den undervisninga skulen gjev.